



Kari E Natland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2993 - 15/22273

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
15.06.2015

Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

Kari E Natland

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
046/15	Formannskapet	PS	11.06.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Øystein Sørhaug	14/2993

Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland

Vedlegg:

Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland Faktagrunnlag
Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland Strategidokument

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Formannskapet tek planen til orientering.

Formannskapet - 046/15

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Formannskapet tek planen til orientering.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i formannskapet

Regionrådet gjorde vedtak på å starte opp arbeidet med ein interkommunal nærings- og samfunnsplan 25.1.13.

Nærings- og samfunnsplan for Nordhordland har mål og strategiar for korleis Nordhordland skal møte venta vekst i folketal og framtidige endringar i næringsliv.

Planen skal no til «administrativ høyring» i Lindås kommune, og som ein del av det, vil ein og presentera planen slik den føreligg, til formannskapet i Lindås kommune. I etterkant av den «administrative høyringa» skal planen også på offentlig høyring, og endeleg godkjennast i kommunestyret i Lindås kommune.

Planen har fire fokusområde:

1. Næringsliv

2. Innovasjon og gründerskap
3. Bumiljø og tettstadutvikling
4. Infrastruktur

Det er i ferd med å utvikla seg ein god del overordna planar som er relevant for næringsarbeid, og ein oversikt over desse er nedanfor:

Litt om dei nærliggande planane på overordna nivå:

Overordna mål strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020) – første gongs handsaming hjå kommunane	Overordna mål regional næringsplan frå Hordaland fylkeskommune (2013-2017) - vedteken	Overordna mål strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim kommunar (2011-2020) – under arbeid	Overordna mål interkommunal næringsplan NUI - utkast
«Bergensregionen skal innen 2025 være ledende i Norge på bærekraftig innovasjon, entreprenørskap og næringsutvikling».	<p>Fleire innovative verksemder som betre nyttar moglegheiter i marknadene</p> <p>Større del av gründerar som etablerer berekraftige vekstverksemder</p>	<p>Mongstad skal videreutviklast som eit internasjonalt leiande industri- og kompetansecluster innan petroleum, energi og industri</p> <p>Nordhordland og Bergensregionen skal verta eit internasjonalt kompetansesenter innan reinseteknologi for CO2 og anna miljøteknologi</p>	«Nordhordland skal vere ein region med sterkt næringsliv og attraktivt bumiljø»
	<p>Fleire innovative næringsmiljø, der verksemdene samarbeider tettare seg imellom og med FoU-miljø og deira internasjonale kontaktnett</p> <p>Verkemiddelaktørar som enno betre stør opp om berekraftige verksemder og næringsmiljø</p>	<p>Nordhordland skal styrkast og synleggjerast som eit leiande logistikknutepunkt i Europa</p> <p>Nordhordland skal verta ein attraktiv og føretrekt region for busetting og oppleving</p>	
	Teke naudsynte politiske avgjerder om (nærings-) areal, utbyggingsmønster og transport som gjev grunnlag for ein berekraftig og konkurransedyktig	Lindås og Austrheim skal vere blant landets fremste næringskommunar	

	Bergensregion		
	Fleire døme på meir attraktive tenestetilbod og vekstkraft i næringslivet i regionale senter		

Litt om dei nærliggande planane på strategiar og fokusområde:

Fokusområder strategisk næringsplan for Bergensregionen (2015-2020) – første gongs handsaming hjå kommunane	Strategiar regional næringsplan frå Hordaland fylkeskommune (2013-2017) - vedteken	Strategiar strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim kommunar (2011-2020) – under arbeid	Mål og fokusområde interkommunal næringsplan NUI - utkast
Næringslivets rammevilkår – kommunal- og regionalpolitisk utviklingsoppgave	Meir entreprenørskap og innovasjon	Ny industrireiseing på Mongstad: <ul style="list-style-type: none"> - Co2 satsinga - Nyskaping og entreprenørskap - Logistikk og hamn - Infrastruktur - Skule, utdanning og kunnskapsdriven næringsutvikling 	Næringsliv (næringslivet i Nordhordland skal vera nyskapande og robust): <ul style="list-style-type: none"> - Styrke interkommunalt næringsutviklings-arbeid - Legge til rette for mangfald i næringslivet - Styrke eksisterande klynger - Tilgjengeleg næringsareal for å ta imot både kunnskapsintensive og arealkrevjande verksemder - Godt samarbeid mellom næringsliv, kommunar og utdanning - Auke plan- og byggesakskapasiteten-/kvaliteten
Fysisk og sosial Infrastruktur	Fleire med relevant kompetanse	Ein synleg og tydeleg region: <ul style="list-style-type: none"> - Allianse og nettverksbygging i Bergensregionen - Aktiv og synleg i nasjonale og internasjonale nettverk - Profilering, kommunikasjon, merkevarebygging og 	Innovasjon og gründerskap (Nordhordland skal ha eit innovativt miljø der det er lett å etablera seg): <ul style="list-style-type: none"> - Stimulere til utvikling av gründerar gjennom utdanning - Styrke samarbeidet mellom kommunar, næringsliv og

		<p>omdømme</p>	<p>forskingstiljø</p> <ul style="list-style-type: none"> - Satse på nettverk mellom små næringsmiljø for å få fleire til å delta i innovative prosessar - - Samordne og spisse rettleinga for etablerarar - Auke innovasjonskompetansen i kommunal tenesteproduksjon
<p>Effektive offentlige tjenester</p>	<p>Ein velfungerande Bergensregion og attraktive regionale senter</p>	<p>Ein attraktiv bu- og opplevingsregion:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Heilskapeleg areal- og næringsutvikling - Reiseliv, turisme, oppleving og aktivitetar - Landbruk - Vidareutvikling av kultur- og aktivitetsregionen - Mangfaldig næringsliv og «jobb nr 2» - Attraktivitetsbarometer Nordhordland 	<p>Bumiljø og tettstadutvikling (Nordhordland skal ha attraktive og varierte bumiljø. Aksent Knarvik-Frekhaug skal vere eit sterkt sentrum, som saman med tettstadane i heile Nordhordland utgjer ein region med klar identitet):</p> <ul style="list-style-type: none"> - Synleggjere og forsterke fortrinn med gode bustadområde - Leggje til rette for variasjon i bustadtypar og bustadstruktur - Bygge opp om regionalt identitet - Utvikle gode tettstader med gode møteplassar - Få fram urbane kvalitetar i regionsenteret - Byggje opp under samarbeid mellom aktørane i tettstadane
<p>Bygge regionalt omdømme</p>		<p>Aktivt, positivt vertskap:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Samhandling og samarbeid i Nordhordland - Kompetanseutvikling og entreprenørskap - Intern kompetansebygging og utvikling av næringsvenlege kommunar 	<p>Infrastruktur (Nordhordland skal ha tenleg infrastruktur som grunnlag for vidare utvikling):</p> <ul style="list-style-type: none"> - Samla framlegg om regionale utviklingsbehov til regionale planar og utgreingar - Prioritere ny utvikling langs etablerte infrastrukturuområder

			-Arbeide for god og trygg infrastruktur for gåande og syklende - Samla innsats for betre kollektivtilbod, både på sjø, bane og veg - Arbeide for å styrke mobil- og breibandsdekninga i regionen
Utdanning og forskning			
Innovasjon, entreprenørskap og endring			

Oversikt over aktiviteter, tiltak og handlingar er ikkje inkludert i tabellane ovanfor.

Regionrådet kjem for å presentera planen i formannskapet, og det vart lagt opp til dialog og diskusjon.

Vurdering:

Lindås kommune kan ikkje sjå at reiselivsnæringa (kunst, kultur, oppleving, landbruk og tilstøtande) er spesielt nemnd i planen.

Reiselivet i Nordhordland består stort sett av mindre aktørar, som har velkjende utviklingsbehov når det kjem til marknadsføring, pakketering/produktmix, nettverk, samarbeid og distribusjon av produkt/tenester. Dette er kollektive utfordringar som er viktige å adressere på det regionale/interkommunale nivået. Om ikkje næringane skal nemnast eksplisitt (det er ikkje tatt eit tydeleg val på næringsnøytralitet?), er her i alle fall ein del generiske utfordringar som går igjen over fleire bransjar. Det vil vere eit viktig arbeid å få ei avklaring på korleis destinasjonsselskapsstrukturen skal vera i Nordhordland. Korleis kan det regionale nivået vere med på å løyse desse kollektive utfordringane, kva skal vera kommunane si rolle og kva ansvar ligg på næringslivet sjølv?

Når ein turist skal reise til Nordhordland i dag, er det veldig vanskeleg å få tak i informasjon om kva aktiviteter som finst. Nordhordland er på mange måtar fortsatt ein usynleg flekk på det kartet. Austrheim kommune har nyleg søkt om å etablere eit turistkontor i kommunen sitt servicekontor, og NHO reiseliv godkjente denne søknaden hausten 2014. Med ei slik løysing har i alle fall kommunen eit tilbod til dei reisande og ferierande. Kanskje kunne fleire kommunar tenkt same tankar, og kanskje burde dette vert inkludert i den interkommunale nærings- og samfunnsplanen? Servicetorget kunne også for eksempel administrert ein pool av guidar som stiller opp når reiseoperatørane ringjer til kommunen for å bestille guiding. Det vil vera lettare å oppnå skalafordeler om dette vert tatt opp i ein regional plan, t.d. innan innkjøp av brosjyremateriell, opplæring, kursing m.m. Ein kan diskutera for om dette skal ligge på den einskilte kommune eller som eit interkommunalt anliggende.

Overordna profilerings- og marknadsføringsarbeid tilhøyrer det regionale nivået, og me skulle gjerne sett ei tyngre konseptualisering rundt dette. Til no har region og kommunar hengt seg

på Vekstlandet kampanjen (Bergensregionen), men det er enno ikkje ein tydeleg strategi og spissing på kva Nordhordland si rolle er inn i denne, eller om ein skal stå på egne bein reint profileringsmessig. Det er køyrt nokre prosjekter og prosessar innanfor desse områda, kan ein videreføra arbeidet frå desse prosessane og tydeliggjera korleis skal Nordhordland ta posisjon i overordna marknadsføringsarbeid for å tiltrekke seg innbyggjarar og bedrifter?

Offentleg sektor handlar inn varer og tenester for over 400milliardar kroner i året. Som «krevande kunder» kan kommunane i større grad stimulera til utvikling av nye framtidsette løysingar i mykje større grad enn i dag. Dette bør i større grad implementerast i planen.

Nordhordland har i dag skaffa seg fleire næringspolitiske verkemidlar, t.d. næringshage og inkubator. Ved framvekst av fleire aktørar i offentlig regi, som driv med bedrifts- og næringsutvikling, pressar det seg fram eit koordineringsbehov. Ein har nok ikkje tatt ut potensialet sitt reint koordineringsmessig, og dette er ei problemstilling som også høyrer heime på det regionale nivå. Det er vidare positivt at Nordhordland er synleg på kartet når det kjem til å nyttiggjera seg næringspolitiske verkemidlar, men det må nok ei enno tyngre satsing til om ein skal skapa grobunn for innovasjon, entreprenørskap, endring, omstilling og vekst. Då vert koordineringsarbeidet og det å opptre samla og samstemt ovanfor næringslivet enno viktigare. Mobiliseringsdimensjon og samarbeidsvilje vil vere kritiske suksessfaktorar. Ein har Team Nordhordland i dag, som er eit koordineringsfora, denne arenaen må styrkast.

Industriutvikling Vest (IUV) sin inkubatorkontrakt med SIVA går ut i 2016. IUV gjorde eit godt val når dei valde å etablere eit avdelingskontor i Knarvik hausten 2014, og responsen i marknaden har vore god. Dei har framleis sitt hovudkontor på Mongstad. Her ligg det fortsatt eit uforløyst potensial. Planen som føreligg bør ta innover seg at regionen ynskjer å få videreført avtalane med SIVA, for å sikra at det fortsatt finst eit tilbod i regionsenteret Knarvik og sjølv sagt også i industriclusteret på Mongstad, som også heile regionens gründerar og næringsliv nyt godt av. Nordhordland Næringshage, som arbeidar meir innafor reiseliv, havsport og kultur, er ein næringshage i SIVA-samanheng som også treng støtte og gode rammebetingelsar. Det ligg også eit potensial i å få næringshage og inkubator til å samarbeide meir.

Eit anna viktig poeng vil vere å sjå meir detaljert på korleis ein skal rette den offentlige innsatsen inn mot innovasjon og entreprenørskap som arbeidsfelt. Her må det skapast ei tyngre teknologiinteresse hos næringslivet. I dag er regionen tungt posisjonert innanfor ein «innovasjonssårbar» del, spesielt relatert til olje- og gass-verdikjeda. Her er mange leverandørverksemdar innafor oljeservice, som arbeidar med vedlikehald, modifikasjon, installasjon og forsyning. Korleis mobilisera for å auka teknologi- og produktinteresse hjå desse? Korleis få opp innovasjonsgrada hjå eksisterande næringsaktørar? Korleis få fram dei nye ideane og framtidige gründerane? Korleis skal det offentlege presentera verkemiddelapparatet og dei næringspolitiske verkemidla som finst, og stå samla i marknadskommunikasjonsarbeidet? Korleis skal det offentlege trene dei i kommersialisering? Korleis skal me som region fasilitera globale nettverk? For å få fram nye kunnskapsbedrifter må desse spørsmåla høgare på dagsorden, og offentlig innsats må rettast inn deretter. Igjen ein tematikk som bør vere interessant for Team Nordhordland.

Entreprenørskap på skulenivå er eit viktig satsingsområde for å få til meir og betre entreprenørar, og tematikken bør tyngre inn i planen.

Det finst sikkert også eit uforløyst potensial ift å kople utdanning og næringsaktørane i regionen. Kunne ein fått utvikla fram ei regional trainee-ordning, kor offentlig sektor og næringslivet går saman?

Det burde vere eit mål for det regionale næringsutviklingsarbeidet til å dyrka fram meir «global knowledge hub-utvikling», og få innpass i fleire relevante, regionale EU-prosjekt og andre nasjonale program. Det å etablere nettverksprogram med global rekkevidde og byggja kunnskapskoblingar bør vera eit fokus for offentlege næringsutviklararar og deltakande samfunns- og bedriftsaktørar.

Det vil også vere viktig for Nordhordland å etablere eksterne arbeidsmarkedsrelasjonar, slik at ein sikrar seg god tilgang på kvalifisert kompetanse både lokalt og regionalt. Dette kan sjås i samanheng med eit overordna profileringsarbeid og evtnt ei trainee-ordning.

Uttale frå planavdelinga i Lindås kommune:

Kva er tilhøve mellom regionsenteret Knarvik og kommunesenteret Frekhaug, lokalsentra Alversund og framtidige Midtmarka?

Aksen Knarvik – Frekhaug har ei utstrekning på ca 4 km, slik me ser det er målsetjinga om at aksen Knarvik – Frekhaug skal utviklast som eit sterkt sentrum ikkje i tråd med føringane som mellom anna ligg i Regional plan for attraktive senter i Hordaland;

«...planlegging skal ta utgangspunkt i at sentrum har følgjande retningsgivande utstrekning frå ytterkant til ytterkant:

- Fylkessenter: inntil 1000m
- Regionsenter og bydelssenter i Bergen: inntil 800m
- Kommunesenter: inntil 600m
- Lokalsenter og nærsenter: tilbod bør i høg grad konsentrerast»

I Alversundområdet er det òg venta høg vekst i folketalet i åra framover og pr i dag er folketalet høgare her enn i Knarvik.

Utvikling av kommune-, lokal-, og nærsentra kring Knarvik er viktig for å styrkje regionsenteret, men me meiner det er uheldig å definere Knarvik – Frekhaug som eit samanhengande sentrum. I staden bør fokuset vera fortetting og styrking av sentra med ei avgrensa utstrekning og med *attraktiv* og trygg infrastruktur for gåande og syklende inn mot regionsenteret. Ei utvikling etter prinsippa om 10 minuttars byen med gangavstand til dei daglege behov.

I arbeidet med næringsplanen er det kanskje naturleg at det vert sett på korleis regionsenteret kan utviklast i ein næringsmessig samanheng. Kanskje analysearbeid/utgreiingsarbeid bør gjennomførast? Vi har gjennom områdeplan for sentrum gitt rom for ei utvikling i kvadratmeter bygg, og nokre føringar for verksemdar. Kva kan regionen og kommunen gjere for å initiere ei utvikling av arbeidsplassar knytt til sentrumsføremåla m.m. i Knarvik

Til slutt vil Lindås kommune leggje inn nokre konklusjonar frå eit strategiarbeid me har gjort i samarbeid med PWV, som me også ber om at denne planen tek innover seg:

- Det er viktig å få oversikt over kva dei ulike næringsaktørane konkret kan bidra med (kompetanse, kapasitet, kapital) og å evaluere nytteverdi og resultat av arbeidet som vert utført. På sikt bør ein vurdere å samlokalisere verkemiddelapparat/aktørar som jobbar med næringsutvikling.
- Nærings- og verkemiddelapparatet bør i større grad bør vere koordinerte. Roller og ansvarsområde må vere klarare definert.

Lindås kommune stiller spørsmål om strategi- og tiltaksdel burde vert adressert i to forskjellige dokument.

Lindås kommune oppmodar også at det vert tatt ein ekstra gjennomgang ift målformulering og tiltak. Gjerne få fram fleire «fyrårnsprosjekt», nokre større satsingar.

Lindås kommune har også forventningar til at samfunn- og næringsliv er tydelige på kva behov det offentlige skal rette sin innsats mot, og oppmodar desse aktørane om å ha ein kontinuerleg dialog med dei offentlege aktørane i så måte.

Det er også eit pågåande arbeid med næringsplanproduksjon for Bergensregionen, som er fasilitert og leia av Business Region Bergen (BrB). Desse planane på interkommunalt/regionalt nivå må hengja godt og tett saman. Her er det nemnd ein del faktorar som næringslivet er spesielt opptatt av, og planen skildrar korleis det offentlege kan rette inn sin innsats deretter. Næringslivet er m.a. oppteken av offentlege tenester i form av gode plan- og byggesaksprosessar. Her vil dialog, kommunikasjon, samhandling, effektivisering vere viktig å leggje til rette for, og her kan både regionen og kommunane bidra.

Lindås kommune har forventningar til det regionale nivået når det kjem til å identifisera og adressera regionale utviklingsoppgåver innan samfunns- og næringsutvikling. Det vil vere ei regional oppgåve å samordne og koordinere dette arbeidet, men Lindås kommune er alltid positiv til å ta aktiv del i utviklingsarbeidet.